

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 14/3443-11

## **Forvaltningsrevisjon - Tildeling og oppfølging av tilskot - rapport**

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:**

**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltninga til etterretning.
2. Fylkestinget tek fylkesrådmannen si vurdering når det gjeld tilråding nr. 3 i rapporten til etterretning.
3. Fylkestinget tek fylkesrådmannen sin konklusjon vedr. tilråding nr. 9 i rapporten til etterretning.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følge opp dei øvrige tilrådingane frå revisor i kapittel 6 i rapporten
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å melde tilbake til kontrollutvalet status for oppfølging av tilrådingane og plan for eventuelt vidare arbeid innan 01.09.2015.

Vedlegg:

- Rapport motteken 14.11.2014 etter gjennomført forvaltningsrevisjon «Tildeling og oppfølging av tilskot»

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Deloitte har gjennomført forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltninga i fylkeskommunen på oppdrag frå kontrollutvalet. Fylkeskommunen får gode tilbakemeldingar mellom anna med omsyn til organisering av tilskotsforvaltninga, rutinar for koordinering og samhandling, informasjon om forvaltninga og utarbeiding av føremål med tilskotsordningane.

Revisor har gjort ein del funn som er vurdert opp mot revisjonskriteria, og har i rapporten etter den gjennomførde forvaltningsrevisjon konkludert med 17 tilrådingar basert på vurderingane som er gjort i prosjektet.

Fylkesrådmannen har i sin høyringsuttale vurdert tilrådingane, og har konkludert med at ein del av tilrådingane er dekkja av dagens rutinar og system.

Kontrollsjefen har gjort si vurdering av rapporten og høyringa frå fylkesrådmannen og har kome med tilråding til kontrollutvalet om at rapporten vert teken til etterretning og at tilrådingane i rapporten med unntak av nr. 3 og 9 bør oppfølgjast av fylkesrådmannen.

## **2. Bakgrunn for saka**

Kontrollutvalet vedtok 27.05.14 i KU-sak 25/14 å bestille dette forvaltningsrevisjonsprosjektet med atterhald om at fylkestinget gjorde vedtak i saka om revidert plan for forvaltningsrevisjon som gjorde at dette prosjektet var relevant å bestille.

Fylkestinget vedtok 11.06.14 i FT-sak 4/14 revidert plan for forvaltningsrevisjon. I den reviderte planen er prosjektet «Tildeling og oppfølging av tilskot» prioritert som første prosjekt.

## **3. Vurderingar og konsekvensar**

### Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet var å få undersøkt i kva grad det er etablert tilstrekkeleg med system og rutinar for tilskotsforvaltning innan nærings- og samfunnsutvikling og tilskotsforvaltninga innan kultursektoren i fylkeskommunen.

Følgjande hovudproblemstillingar vart utarbeidde på bakgrunn av føremålet:

1. I kva grad er organiseringa av tilskotsforvaltninga i samsvar med eventuell politiske føringar på området?
2. Er det etablert tilstrekkelege rutinar for koordinering og samhandling mellom avdelingane i fylkeskommunen, i tilfelle der det kan vere aktuelt at fleire avdelingar tildeler tilskot til same verksemd eller føremål?
3. Korleis sikrar fylkeskommunen at naudsynt informasjon om tilskotsordningane blir gjort tilgjengeleg for målgruppa?
4. I kva grad har fylkeskommunen etablert tiltak som sikrar at fylkeskommunale retningslinjer, samt relevant regelverk, blir etterlevd i samband med tilskotsforvaltninga?
5. Er sakshandsaminga i samband med tildeling av tilskot tilfredsstillande?
6. I kva grad har fylkeskommunen etablert tiltak for å vurdere om tilskota bidrar til å nå dei mål som er sett for den einskilde tilskotsordninga?
7. I kva grad blir det stilt krav om rapportering frå tilskotsmottakar?

### Metode

Revisor har gjennomgått relevant regelverk og aktuelle fylkeskommunale vedtak og styringsdokument, som er brukt som revisjonskriterium. Revisor har i tillegg gjennomgått fylkeskommunale retningslinjer, rutinar og malar knytt til tilskotsforvaltninga og sakshandsamingsprosessen.

Det er gjennomført intervju av til saman 8 personar som er sentrale i arbeidet med tilskotsforvaltning innan nærings- og samfunnsutvikling og tilskotsforvaltning innan kulturområdet.

I tillegg er 30 saker, som gjeld handsaming av søknader om tilskot, gjennomgått med formål å få undersøkt i kva grad regelverk, retningslinjer og andre føringar har blitt følgt og for å kartlagt rapportar om bruk av tilskota frå tilskotsmottakar.

Intervjua er verifisert av intervjuobjekta og utkast av rapporten sin datadel er verifisert av fylkesrådmannen. Eventuelle faktafeil som vart påpeikt er tekne omsyn til.

Fylkesrådmannen har i tillegg hatt den endelege rapporten til uttale og har kome med ein høyringsuttale, som er lagt ved rapporten som vedlegg 1.

### Revisjonskriterium

Revisjonskriterium er dei krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal vurderast opp mot. I dette prosjektet er revisjonskriteria i hovudsak henta frå Forvaltningslova, regelverk om offentleg støtte, forskrift om offentleg arkiv, sentrale retningslinjer med føringar for ein del

av tilskotsordningane samt fylkeskommunale retningsliner knytt til forvaltning av tilskotsforvaltning innan næring, samfunn og kultur. Revisjonskriteria er å finne i kapittel 3 i rapporten.

#### Revisor sine vurderingar og tilrådingar

Revisor har gjort sine vurderingar på bakgrunn av dei funn som er gjort greie for i datadelen av rapporten, som er å finne i kapittel 4, i høve til revisjonskriteria som er presentert i kapittel 3.

Fylkeskommunen får mange gode tilbakemeldingar i rapporten når det gjeld tilskotsforvaltninga, men revisor har i sine vurderingar peika på ein del forhold som kan forbetrast. Desse forbetringsspunktta har revisor nedfelt i ein del tilrådingar, som er presentert i kapittel 6 i rapporten.

#### Fylkesrådmannen sine kommentarar i høyringsuttalen

Fylkesrådmannen skriv innleiingsvis i høyringsuttalen at det skal leggst til rette for at forbetringspotensiala som er påpeika i rapporten frå Deloitte blir tatt tak i. Det vert også peika på at på grunn av omstillingsprosessane ein no går inn i vil fylkesrådmannen legge vekt på at hovuddelen av oppfølgingsarbeidet blir lagt til allereie pågåande prosessar i organisasjonen.

Fylkesdirektørane for plan og samfunn og for kultur vil, etter det fylkesrådmannen skriv, bli bedt om å utforme skriftlege sakshandsamingsrutinar basert på den praksis som ligg til grunn for dagens tilskotshandsaming. Tilhøva som er peika på i rapporten vil bli innarbeidde i desse rutinane.

Fylkesrådmannen har kommentert dei enkelte punkt i tilrådingane frå revisor.

#### Kontrollsjefen sine vurderingar

Etter kontrollsjefen si vurdering er fylkesrådmannen samd med revisor i dei fleste tilrådingane, men revisor og fylkesrådmann har forskjellig oppfatning om følgjande tilrådingar:

#### **Tilråding 3 – Vurderer om den etablerte praksisen knytt til administrative vedtak om tilskot på inntil kr. 50 000 på kulturområdet, er i samsvar med intensjonen med det delegerte myndet.**

Revisor peikar i sine vurderingar på problematikken rundt grensa for administrative vedtak går på løyvd beløp på kr. 50 000, sjølv om omsøkt beløp kan vere mykje høgare. Fylkesrådmannen hevdar i høyringsuttalen at intensjonen med delegeringa ikkje berre gjeld små søknader, men også søknader som er enkle og klart i tråd med føringane for midlane. Tilrådinga går på å gjennomføre ei vurdering av om gjeldande praksis er i samsvar med intensjonen, noko fylkesrådmannen i sin høyringsuttale vurderer det til å vere.

Kontrollsjefen vurderer tilrådinga til å vere oppfølgt gjennom fylkesrådmannen si vurdering av gjeldande praksis i høyringsuttalen.

#### **Tilråding 4 – Etablerer ytterlegare system og rutinar for samhandling og koordinering mellom avdelingane i samband med tilskotsforvaltninga.**

Revisor peikar her på at det ikkje er påvist doble utbetalingar av tilskot. Det kom fram i undersøkinga saker der søkjar etter revisor si vurdering burde fått rettleiing og informasjon om at søknaden hadde passa betre inn under ei anna tilskotsordning, som vert forvalta av ei anna avdeling. Dette kjem inn under fylkeskommunen si rettleiingsplikt i forvaltningslova § 11. Det bør etter revisor si vurdering vere rutinar for dette, slik at det ikkje er opp til den enkelte sakhandsamar sitt initiativ at det skjer ei koordinering. Dette gjeld særleg for søknadar utanom hovudsøknadsfristane.

Fylkesrådmannen viser til fylkestinget sitt budsjettdokument der det vert presisert at for søknadar som har tverrsektoriell tilnærming skal fylkesrådmannen avgjere kva fagmiljø som skal inn i vurderinga av søknadane. Fylkesrådmannen peikar på at dette gjeld eit fåtal saker og at dagens rutinar er tilstrekkelege.

Kontrollsjefen si vurdering er at det vil vere positivt for fylkeskommunen å få etablert system og rutinar slik revisor tilrår for å sikre at koordineringa av tilskotsforvaltninga mellom avdelingane vert betre enn i dag og at ein sikrar at rettleiingsplikta vert ivareteken.

**Tilråding 8 – Sikrar at det er gitt tilstrekkeleg tydelege føringar for å trekkje inn ressursar med spesialisert kompetanse på statsstøtteregelverket dersom ein meiner at ei sak kan vere omfatta av dette regelverket.**

Revisor rår til at tilsette i Plan- og samfunnsavdelinga og i kulturavdelinga deltek på relevante kurs slik at ein sikrar tilstrekkeleg kompetanse blant dei tilsette for å kunne avgjere om ein søknad kan vere i konflikt med regelverk om offentleg støtte. I tillegg rår revisor til å ha tydelege føringar på å trekkje inn ressursar med høgare kompetanse innan statsstøtteregelverket der det er påkravd.

Fylkesrådmannen peikar på internopplæring, der tilsette ved dei to nemnde avdelingane vert invitert på statsstøttekurs i regi av næringsavdelinga. I tillegg viser fylkesrådmannen til rutinar som står i fylkeskommunen sitt regelverk om prinsipp for fullført saksførebuing.

Kontrollsjefen vurderer at dei rutinane som fylkesrådmannen peikar på når det gjeld statsstøtteregelverket til å vere gode rutinar når det gjeld næringsavdelinga. Kontrollsjefen rår til at revisor si tilråding vert følgt opp for dei øvrige avdelingane.

**Tilråding 9 – Sikrar at det er etablert system for jamleg å evaluere om definerte føremål, vilkår og moment for vurdering i sakshandsaminga blir følgt opp i praksis, og om det er behov for justeringar, presiseringar mv. i retningslinene for tilskotsordningane.**

Revisor peikar på at det nesten ikkje blir gjennomført evalueringar. Dette bør systematiserast, og leggast i framtidige rutinar er revisor si tilråding.

Fylkesrådmannen skriv at gjennomgang av retningsliner, utlysingstekstar malar etc. er ein del av det fortløpande arbeidet i alle avdelingane. Det er i tillegg ein oversikt over rutinar som er i bruk i dei forskjellige avdelingar. Tilskotsforvaltning er også oppfølgingsområde i dei tre avdelingane i samband med risikovurderinga som fylkeskommunen skal gjere i løpet av året.

Kontrollsjefen vurderer rutinane som fylkesrådmannen beskriv til å vere gode rutinar på området.

**Tilråding 10f – Sikrar at sakshandsaminga i samband med tilskotsforvaltninga er i samsvar med krav i forvaltningslova, herunder sikrar at søkjar blir kontakta dersom det blir vurdert som aktuelt å handsame ein søknad innanfor ei anna tilskotsordning enn den det er søkt innanfor, slik at rettleiingsplikta jf. Fvl § 11 blir ivareteke.**

Dette vert problemstilling som er i slekt med tilråding nr. 4. Det er viktig at søkjar får beskjed om at søknader er flytta frå ei ordning til ei anna. Det vil ha ei opplysende effekt for søkjar, og det ern også bli ein del av rettleiingsplikta som fylkeskommunen har overfor søkjarar.

Tilrådinga bør, etter kontrollsjefen si vurdering, stå ved lag.

**Tilråding 12 – Sikrar at det ikkje blir gitt tilskot til søkjarar/tiltak som ikkje oppfyller kriteria for den aktuelle tilskotsordninga, og at det blir synleggjort gjennom sakshandsaminga om søknaden blir vurdert å vere innanfor kriteria.**

Stikkprøvegjennomgangen viste eksempel på at tilskot vart gitt utan at revisor ut frå søknaden og sakshandsaminga kunne sjå om søknaden oppfylte kriteria for tildelinga.

Fylkesrådmannen meiner at dette er ivareteke i sakshandsaminga i dag.

Kontrollsjefen meiner at punktet bør ha eit fokus etter at stikkprøvegjennomgangen viste avvik.

## **4. Konklusjon**

Deloitte gjev fylkeskommunen mange gode tilbakemeldingar på tilskotsforvaltninga. Men det er også gjort ein del funn i prosjektet, som har resultert i tilrådingar om tiltak som fylkesrådmannen bør gjennomføre.

Fylkesrådmannen har i sin høyringsuttale peikt på at nokre av tilrådingane er dekkja av dagens rutinar og system, men at forbettringspotensiala i rapporten skal bli tatt tak i.

Kontrollsjefen har gjort si vurdering av rapporten og høyringa frå fylkesrådmannen og har kome med ei tilråding til kontrollutvalet om at rapporten vert teken til etterretning og at tilrådingane i rapporten med unntak av nr. 3 og 9 bør oppfølgjast av fylkesrådmannen.